Ivar Aasen

Forord til den elektroniske udgave

Denne biografi, skreven av **Arne Garborg** (1851-1924) og med portrait ritet av **Olav Rusti** (1850–1920), er digitalisert i mars 2013 av Nasjonalbiblioteket, Oslo och tilpassets for Projekt Runeberg i januari 2014 av Ralph E.

Fraa kong Sverres tid var de ute med de gamle Norig, stor-ættine. De som var att av desse etter dei lange innanlands-ufredane, gjekk no inn i den nye kongsadelen eller drog seg ut av rikslive.

De nye einveldige norske kongedøme, som naadde si høgd under Haakon den gamle (1217—63), heldt seg uppe til 1387. Daa gleid Norig inn under kongane i Danmark og seig ned i eit tilstand som me minnest med sorg. De fekk finne no, at dei norske stor-ættine var nedbrotne. Smaatt um senn miste de alt som de fraa gamalt aatte, like til bokmaale sitt. Berre sjølvstende fekk de hava; vart aldri danskt land. For de norske kongedøme gjekk i arv; og dette var kongane til bate.

Soleis laag lande i 427 aar; daa kom de ut att av danske-samfeste. Men de var ikkje folke som fridde seg ut. Lande vart „fritt" mot sin vilje. Sverike vilde have de, og kongen kunde ikkje verja de; so gav han lande fraa seg (freden i Kiel) og bad nordmennane gaa rolegt yvi til svenskekongen. Samstundes tok han de som att var av dei gamle norske nybyggi — Grønland, Island, Færøyane — og lagde under Danmark, liksom fedrane hans til hjelp for Danmark hadde avstadi 3 norske fylke til Sverike.

Nordmennane visste ikkje av dette fyrr de var gjort. Men dei norskdanske embættsmennane under— 4 —

stathaldaren prins Kristian Fredrik gjorde ein freistnad paa aa berge Norig inn att under den danske (oldenborgske) kongs-ætti. Samstundes vilde dei hjelpe upp att Norig, som i seinare tidir hadde vist framgangskraft. Dei norskdanske embættsmen-nane heldt seg no for herrefolke i Norig.

Riksdagen paa Eidsvoll gav ei ny norsk lands-lov, paa danskt, og valde til norsk konge oldenborgaren Kristian Fredrik. Der var daa all von til at „tvilling-rigerne" vilde koma ihop att snart, og de paa betre vilkaar for Norig.

De skulde ikkje laga seg for dei norsk-danske dette. Me fekk de me sidan hev havt: eit norsk-danskt Norig under eit „norskt og svenskt" kongehus. (Den „norske" kongen gjer sin kongs-eid og fører heile sitt kongedøme paa svensk-norskdanskt). Men noko vart gjort i 1814 som dei norsk-danske ikkje forstod: tufti vart lagd til eit norskt Norig.

Dei norskdanske i 1814 visste at dei spela vaaga spel. Og hjelp var ikkje aa vente, utan kannhende fraa England. Men skulde dei vente hjelp fraa England, galdt det aa vise, at Norig ikkje hadde noko samanheng med de Napoleonvenlege Danmark lenger; Norig hadde reist seg mot Danmark ; Norig var norskt.

Og Norig vart daa „bonden". Til riksdagen paa Eidsvoll vart de innkalla bøndar i ikkje lite tal; og riksdagen vart so bondevenleg, at norsk-danske soguskrivarar sidan hev sagt at de var Rousseau som raadde paa Eidsvoll. Visst er de at bonden i landslovi fekk eit rom, som embættsmen-nane nokre aar etter, med „grundlovens fader" Chr. M. Falsen fyrst, gjerne hadde lempa ifraa han att.

Men de laga seg ikkje so. Bonden fekk hjelp der han minst hadde venta.

Karl Johan, den nye kongen, tok til med sinlange norske „grunnlov-strid". Liksom stortinge — den gongen

embættsmagti — gjerne vilde havt meir magt imot bonden, soleis vilde Karl Johan hava meir magt imot stortinge. Og her hadde han Sverike med seg. Embættsmagti i Norig laut daa halde fred med bonden anten ho vilde eller ei; og bondeparagrafane fekk staa til so lengi. Sidan kom Ole Gabriel Ueland. Med slik ein førar var bonden berga; de vart ikkje tale um bondeparagrafane meir.

II.

Um lag 1830 kom de eit norskt straumdrag upp i vaart boklege liv, som til daa hadde vori reint danskt; Henrik Wergeland er her de gjævaste namne. Han var og den som fyrst arbeidde for eit norskare bokmaal. Han skreiv jamvel visur paa bygdemaal; og i eit stykke um „norsk sprog-reformation" (1835) heldt han sterkt fram, at me skulde norske paa skriftmaale med ord fraa folke-maale. Ein annan namngjetin norskdansk, P. A. Munch, var og inne paa tanken, alt i 1832. Men ingin visste kva me her kunde hava aa gjera med.

Folk brydde seg ikkje um slike ville tankar heller. Norskt maal? Var de ikkje norskt nok de me hadde? Sagde ikkje sjølve grunnlovi at de var norskt? Og den som minst vilde vita av noko nytt maal var bonden. Dansken var for honom den „heilage skrift". Vaarherre hadde tala danskt paa Sinai, og me skulde alle kveda danskt i Himerike.

Likevel vart de ein bonde som til sist skulde segja de fyrste klaare orde i saki: Ivar Aasen. Han hadde granska folkemaali. Og han sagde at me hadde emne til eit norskt bokmaal Freista me aa taka i bruk og arbeide upp de maale som

livde paa folkemunn, so fekk me eit norskt maal. Og so gjorde me etter hans tru noko som der var gagn i.

Dei norskdanske saag paa Ivar Aasen. Kva var dette for ein litin smaa-svein som seg munde tru so vel?

— Ivar Aasen var ikkje anna enn han gav seg ut for: bonde fraa Aasen i Ørsta sokn, Volla prestegjeld paa Sunnmøre. Han hadde ikkje so mykje som ein eksamen. Men um norskt maal visste han meir enn nokon annan i den tid.

Han var fødd den 5te august 1813, just aare fyrr Norig skulde ut av si „dansketid". I smaa kaar var han vaksin upp. Men hovud hadde han, og granskarhug framifraa.

Av de vesle han heime fann aa lesa lika han best bibelen; der stod so mykje forunderlegt i den Attan aar gamall vart han lærar i bygdi, og eit par aar etter huslærar hjaa kapt. Daae paa Sol-nor, der han vart verande i 7 aar og hadde læregutar som Ludvig Daae, seinare tingmann og riks-raad, altid vén med barndomslæraren sin. Desse aari vart Ivar Aasens eigi beste skuletid. Lensmann Aarflots boksamling opna seg for han, og ein framifraa lærar fekk han i presten Thoresen (verfar til Henrik Ibsen); denne vilde jamvel hjelpt han til aa studere, um han so hadde vori tenkt. Men Ivar Aasen vilde vera de han var: bonde.

Han hev lesi med magt i desse aari. Og snart fann han emne som han sjølv kunde arbeide med. Han samla og etterfor blomar og vokstrar og hadde til sist ei heil sunnmørsk urtesamling. Av presten J. P. Berg i Borgund fekk han laane gamall-norske bøkar og Rasks „islandske sproglære"; daa kom han til aa sjaa, kor mykje gamalt og merke-legt der var i hans eigi maal. So skreiv han baade ei ordsamling og ei maal-lære til folkemaale paa- / ~

Sunnmøre. Noko betre fyri-arbeid til livsverke sitt kunde han ikkje ha funni.*)

I de heile laga de seg godt for Ivar Aasen. Han hadde liksom vegen sin lagd. Gjenom de smaae og de kjende fann han greidt fram og upp til de store som han skulde gjera kjent. Han var den fødde vitskapsmannen. Og han var meir. Førar-emne viser seg snart. Alt i boki um Sunn-mørsmaale er han inne paa de som sidan so heilt vart livstanken hans: at de maatte vera raad aa reise eit norskt landsmaal av bygdemaali. Og de tok alt til aa vise sig eit og anna som kunde gjeva mod, soleis i 1840 Jørgen Mo« samling av folkevisar.

Bispen Neumann i Bergen, som i 1841 fekk sjaa dei nemnde ungdomsarbeidi av Aasen, kunde nok ikkje „gaa ind paa hovedideen": at ein skulde tenkje paa aa skipa „af alle norske dialekter et særeget nationalsprog"; men han

skreiv likevel i eit blad godt for Aasen og kom ved dette til aa jamne vegen hans. Vitskapssellskape i Trondhjem, som lengi hadde tenkt paa aa faa granske ut de samanheng som der laut vera millom gamallnorskt og ..de bedste levninger af Nordens" („Norden" var Norig den gongen) „ved forbindelsen med det germaniserede Danmark fortrængte oldsprog," vende seg til Ivar Aasen og bad honom gjera arbeide.

Lage hadde kje mykje aa bjode. Aasen skulde faa 150 dalar um aare (600 kr.). For dette skulde han fara um „i de egne, hvor der i almuedialekterne findes de fleste levninger av Nordens oldsprog, for at udarbeide en leksikalsk og gramati-over disse dialekter."**) Men Aasen kunde greide seg med 600 kr.

*) „Søndmørsk grammatik" kom ut i i8ii.

**) 1841. (Sjaa J. Belsheim: „Ivar Aasen", Kr.a 1901).— 8 —

Han svara vitskaps-sellskape ja, og hausten 1842 byrja han verke. De hadde fyrst vori tanken at han berre skulde granske maali i Bergens stift; dei galdt tor dei eldste Men han kom etterkvart til aa gjenomfara de meste av lande, daa de viste seg, at der var „levninger af det ved forbindelsen med det germaniserede Danmark fortrængte oldsprog" all stad. Og ikkje berre ,.leivingar". De som Aasen fann var eit nynorskt maal, sjølv-stendigt framvaksi av de gamle og uppnya gjenom ei rik og gjæv folkedikting; de var paa sine stadir uppblanda, men de var ikkje „fortrængt". Sjølve de nye Norig var de han fann paa dei gamle tuf-tir, den sæle granskaren.

1 1848 gav han ut „Det norske folkesprogs grammatik" og i 1850 „Ordbog over det norske folkesprog" Hermed var de fyrste og største gjort. Ivar Aasen hadde vist at de norske maal var til, ja at de livde eit friskare og rikare liv enn nokon hadde drøymt um. Arbeide hans fekk den største ros. Og den som roste de mest var han som vel i den tid skulde skyna de best, prof. P. A. Munch.*)

Ivar Aasen, bonden fraa Sunnmøre, stod fraa den tid vyrd millom Norigs fremste lærde. Han fekk ei løn av riksmidlar, som etterkvart vaks til 5000 kr. um aare, endaa han sjølv aldri søkte paalegg. Han vart vald inn i vitskaps-sellskape i Trondhjem, og av kongen fekk han ære- og ordensteikn. Men kor mykje ros og vyrdnad han fekk, — Ivar Aasen var bonde og vart so verande.

in.

For de var bonden han mest tenkte paa med arbeide sitt.

* Munch kom elles seinare burt fraa den norske maaltanken.— 9 —

I 1852 steig han fram for aalmenta med sin norske tanke.

I eit „fritt Norig" skulde nordmennane skrive norskt, liksom fleirtale av dei tala norskt. For de kunde no Aasen segja trygt: norskt var eit maal, og kunde bli eit fint maal. Og so var norskt dertil just de maale som fraa gamalt av hadde retten i Norig.

Han hadde tenkt saki vel igjenom. Han visste, at um ein fær øydelagt de maale eit folk eig og gjenom hundrad- og tusundaar hev arbeidt seg upp, so kann ein aldri gjeva dette folke noko jamgodt i staden. Aa tyne maale for eit folk er aa gjeva de folke eit ulivssaar. De var ei aalvorssak for Norig aa faa upp att sitt norske maal; og til de skulde folke bruka fridomen sin, so sant som de elles vilde liva.

Ein kunde „fornorske dansken", vart de sagt. Men Ivar Aasen var den maalkunnige mannen. Han visste at kvart maal hev sine lovir. Aa blande danskt med norskt vilde ikkje føre lenger enn de hadde ført til denne tid.*) Eller blandingi vilde sprengje maale og gjera de til ei unorsk-udansk maalrøre. „Den eneste sikre udvei for os vilde være at anlægge en aldeles norsk sprogform", skreiv Aasen, „saaledes at formbygningen dannedes efter en eller flere af de bedste dialekter, og sprogstoffet dannedes ved det almindelige norske ordforraad med stadigt hensyn til det gamle sprog". Daa fyrst „havde vi noget som det var umagen værdt at

*) De var som ein skulde vilja gjera ein hund tii ein katt med doktarkniv : skjera av hunde-rumpa og setja paa ei katte-rumpe; skjera av hunde-øyro og setja paa katteøyro 0. s. fr. Det vart no vel hund til slutt lell, — um 'han elles greidde de. (Dette bilæte av S. Schjøtt gjev, trur eg, paa stuttaste maate Aasens tanke).— 10 —

arbeide paa, og da kunde vi have den trøst, at folket vilde have godt af vort arbeide".

De var fyrste gongen at den norske tanken vart klaart framsett i de norskdanske Norig.

Dei norskdanske vreid seg. Skulde me „stanse udviklingen for at faa bonden med?" Bonden brydde seg elles ikkje um anna enn „det sprog han var vant med", o. s. fr.

Aasen svara paa sin rolege maate og kravde ikkje stort Han meinte at norsk folkedikting som var paa norskt, burde ein vel og prente paa norskt, no som i dansketidi? Striden tagna for den gongen. Ja styre for „Den norske tilskuer", der dette ordskifte var ført, gav Aasen rett i, at norsk folkedikting burde kunne bli prenta paa norskt folkemaal.

Og Aasen prenta sine fyrste norske smaabøkar: ..Prøver av landsmaalet" (1853) og „Ervingen-' (1855). Folk fann seg i de. Dei sagde jamvel at maale høvde godt for „idyllen". Og Landstads folkevisar (1853) kom med ny styrkjing for norsk-domstanken.

Men freden skulde ikkje lengi staa. *

I 1858 kom „Dølen".

„Vi maa faa vaart maal atter. I 1814 sette folket liksom den eine foten fram til fart; den andre maa koma etter.

Vaart folk i trældom lengi gjekk, i sut forutan sæle; men som det att sin fridom fekk, so maa det faa sitt mæle."

So forma Aasmund Vinje de norske maalkrav i no. 1 av Norigs fyrste norske blad „Dølen" (10de oktober 1858).
— 15 —

Vinje (1818—1870), denne sermerkte, djervt skjemtesame, sorgmilde skalden, var husmansson fraa Telemarki liksom Aasen var leiglending-son fraa Sunnmøre. Og Aasen var, um ikkje namn-gjevin, med i „Dølen". De var de breide norske, midl^ndsnorske bondeland, som liksom møttest og heldt ihop i dette fyrste store basketake.

„Dølen" gjekk i veg med bonde ro. Han -kunde nok tala dansk". Men han vilde „helst vera norsk som han var fødd". Likevel torde han ikkje vera „fullnorsk", av di mange daa ikkje vilde forstaa honom; de norske folk var „av det danske skakkøyrt i munnen". ..Dølen" vilde daa „lempa seg etter folk alt det han kunde, og prøva paa med eit maal som laag midt imillom det norske og det danske, rigtig høla seg fram som med smaabørn". Skrivemaaten var deretter: midt imillom norskt og danskt paa lag; „Dølen" norska elles paa seg noko med kvart, endaa stø i staving vart han aldri.

Sitt bondetölmod viste „Dølen" ikkje minst i politiken. Han „venta ikkje for myk|e av det gode". Der var „vistnok eit og anna med landsens styr og stell som burde vera anderieides"; men de maatte alt „betras paa etter handi"; for staten laut „veksa langsamt den", um han ikkje „skulde forspanas og dermed etterpaa verda sjuk og krjupa ihop atter".

Ei einaste sak sette ..Dølen" upp til arbeids-sak aat seg: ein norsk folkeskule. Læraren laut faa betre løn. Men so laut han og lære meir, framum alt gamallnorskt og dei beste bygdemaali. De var spott og spe at riks-tenarane vaare lærde so mangt, men ikkje norskt; „det vil verta ei bisn for framtidi dette", spaadde „Dølen".- 12 —

Men han fekk finne at han livde i de danske Norig. Den nye folkeskulelovi som kom i 1860 visste ikkje um anna „norskt" enn de danske, — som paa vanleg norskdansk vis var umdøypt til norskt; for dette: aa kalle danskt for norskt, var den lettaste maaten aa koma til eit „norsk sprog" paa.

„Dølen" fekk nok aa gjera med aa verja seg sjølv. „Maalstriden" tok til paa aalvor. De er ein snaal strid. Dei norskdanske provar, at danskt er norskt naar norskfødde skriv de; dei norske meiner at danskt er danskt kven som skriv de. Men de kann vera eit laakt danskt, segjer dei, ja provinsielt, jydskt eller jamvel norskt danskt. De er ein strid som tek seg upp att rett som det er; og no hev me jamvel fengi eit „riksmaals"-lag, som serskilt skal sitja vakt um de norskdanske mot dei norske.*)

Ivar Aasen hev i nokre faae greide stykkje sagt dei ordi som stend og i grunndragi kjem til aa staa i denne sak, til

dess ho er avgjord. Me skal her taka inn sumt av de han sagde; for de er just „som de var sagt i dag". Dessverre maa me korte paa de; men ein finn de som Aasen sjølv skreiv de i „Udvalgte skrifter af Ivar Aasen" ved Vetle Vislie (s. 221—290).

*) De snodigaste i denne striden er vel, at dei norskdanske vert so norske naar dei er uppi den: eit undantak er prol. J. Storm, som serleg priser de norske danske for alle dei framandordi de brukar. Dei norskdanske kann vera eit grand ustøde naar dei skal segja korleis de som var danskt den 16de mai 1814 dagen etter kunde vera „det norske sprog-: men heilt trygge er dei naar dei forklaarar, at ein i Norig ikkje kann gjera landsmaal av bygdemaal.

De hev aldri vori uppteki noko norskt i dansken som er namn verdt, skreiv Aasen.*) Skulde ein telja upp dei ordi som er inntekne i danskt fraa andre maal, so vilde dei norske koma reint burt, serleg daa millom alle dei tyske. Og um de skulde bli noko aalvor med denne ord-upptaking, — so fekk vel de danske maale hava dette namne sitt like godt, etter skikken i andre land daa.

Dei talar um Norigs grunnlov; der skal danskt vera umdøypt til „det norske sprog". Grunnlovi sjølv segjer ingin ting um de. „Det norske sprog" er nemnt; men kva dette skal vera for eit maal stend de inkje noko um. De maa vel vera de same som „landets sprog" i § 92. Og um dei den gongen ikkje just tenkte paa de som me no kallar landsmaale, so hev daa tanken visst ikkje vori langt ifraa de. Dei visste at lande burde hava sitt eige maal, og sidan dei ikkje kunde vita koss maale vilde skapa seg til etter skilnaden fraa Danmark, so sette dei „norskt" for alle tilfelle. Og de var de klokaste dei kunde gjera- No kunde me gjerne bruka landsmaale til alle ting, og turvte ikkje for den skuld brigde eit ord i grunnlovi.

Ein skulde tenkje at aalmugcn i eit land ikkje skulde turve lære meir enn landsens eigi maal, og at herrane skulde lære de same, um dei so dertil hadde eit maal for seg sjølve. Men hjaa oss er de bakvendt: de er aalmugen som skal lære tvo maal. 1 staden for at denne tyngdi skulde falle paa eit serskilt stand som hadde utkome til aa arbeide med de, so vert ho her lagd paa folke, som mest kunde trenge letting. Men naar aalmugen skal faa sin lærdom paa eit maal som han

*) Gjeld enno. Sjaa t. d. dei seinare bøkane av Ibsen og den nye utgaava av Bjørnson.

berre so halvt skynar, so vert lærdomen mistydd, og vand aa hugse, og endaa vandare aa samtale um. Der er liti hjelp i slik upplysning.

De norske maal hev ikkje fylgt med i kulturen, segjer dei. Korleis hev de danske fylgt med i kulturen i

1 danskt finn me laant og framandt gods i alle krokar.*) De ser ut til at dei danske bok-mennane ikkje som dei franske og tyske hev visst raad med aa forme ut sitt eigi maal; dei hev oftast teki de framande orde med den nye tanken. Vilde me norske fara fram paa same maaten, kunde me snart hava „rikdom'1 nok me og, av de slage. Men maalmennane hev heller vilja fylgje den franske, tyske eller islandske maaten her: nytte heimeord so langt dei kunde. Vil ein samanlikne norskt og danskt i dette stykkje, so fær ein tenkje seg danskt likso danskt som de norske hev haldi seg norskt, eller motvendt; men daa vil ein faa sjaa mangt som ein ikkje hadde tenkt.

For norskt hev mange kulturord som dansken hev gløymt og maa laane fraa tysk, og dertil i mange maatar betre emne til kulturord. I de heile maa ein hugse, at dei høgste tankar og dei reinaste og beste rørslur i mannabarmen, dei vil just hava einslungne og heimlege ordelag.

Og um de er so, at eit bondestand aaleine ikkje gjer nokon landslyd, so kann ein segja de same endaa vissare um eit einslegt embættsstand. Skulde i det heile eit einslegt stand kunne gjera ein landslyd, so var nok eit bondestand ikkje de

*) De er elles betre med dette no, daa danskane som andre kulturfolk driv „maalstræv". Men um norskdanskt — eldre danskt med „norvagismer" — gjeld Aasens ord som fyrr.

laakaste emne. Bondesønir kann t. d. godt verte embættsmenn. At alle embættsmenn skal vera utlendingar med framande namn og eit framandt maal, de trengst vel ikkje i Norig meir enn andre stadir.

So sant kulturen duger noko, maa han kunne finne inngang i alle maal, og daa visst likso vel. i de norske som i de danske. Ein annan ting var de, um „kulturen" var berre ein stas, ein mote, ei etterherming av storfolk i eit framandt land; men daa kunde stormengdi av folke ikkje faa noko godt av han kor som var. Og de same kunde de vera. De som folke treng er greide og klaare tankar i eit heimelegt og høvelegt maal; alt anna fær vera aat folk som er betre kjende i utlande enn heime.

Skulde me daa faa tvo maal i lande ? vert de spurt. De er de me hev, svarar Aasen. De eine høyrer oss sjølve til, de andre er innført. De spørst berre um me skal halde paa med aa forsøme og døyve ned de som høyrer oss sjølve til. Og-endaa fekk me her eit langt stræv. Vaart norske folkemaal er ei rot, som ikkje vil vera lett rivi.

I grunnen er svenskt og norskt meir like enn danskt og norskt, so at svenskt vilde falle oss mykje lettare enn danskt, naar me lagde same arbeide paa de. Men vaar eigin arv er endaa til. Lat oss daa gjera som danskane og svenskane: taka arven vaar i bruk og setja han i stand; vil me fyrst, so er de ingin som kann hindre oss.

De norske maale er de vigtigaste av alt norskt, liksom tungemaale i de heile er den dyraste folke-eign. Og den dyraste eigni skal ein agte best. For vart den skjemd eller kom burt, daa var de som me endaa kunde hava att, so lite, at de kann-hende ikkje var verdt aa tala um nokon norskdom lenger. —— i6 -

— Rolege og faste fall ordi hans Ivar Aasen. Teleguten Vinje fikta paa sin kant med kvass skjemt og lystig laatt, men stundom med sorgtunge ord som viser, kor djupt han her hev vori med, og kor saart han ofte leid for sin tanke.

Norsk ungdom tok smaatt um senn til aa høyre paa desse mennane, som vilde noko so stort, og vilde de so heilt. Og etterkvart kunde ein merke, at um de gjekk smaatt med den norske sak, so giekk de daa fram-yvi.

IV.

I 1864 kom Aasens grammatik i ny, auka ut-gaave og med namne „Norsk grammatik". Her er Aasens landsmaalsform framsett og gjenomførd, og folkemaali umhandla som serformir til landsmaale.

I de namngjetne fyriorde til denne boki skriv Aasen mill. a. :

„Dansken har aldrig før fundet saa stor udbredelse i Norge som efter at Norge var skilt fra Danmark, og det rette norske maal var aldrig kommet i saa stor fortrængsel som netop nu, da man altid taler om det norske sprog". Vil ein finne ut kva som er norskt i Norig, so fær ein „sammenligne folkets talebrug med gammel norsk. Først derved finder man den rette naturlige sammenhæng med svensk og dansk, og derved finder man ogsaa oplysning om, hvad det er for dialekter som er de bedste. Men herved kommer man netop ind paa en selvstændig sprogform, som ikke er bleven folket paatvungen udenfra, men som netop tilhører folket fra gamle tider."

De er den vegen Aasen sjølv hev gjengi, og paa den maaten han i dei store drag hev forma landsmaale. Skrive- og stavemaaten er, etter ein— i7 —

tanke som elles P. A. Munch fyrst hadde sett fram, lempa etter dei bygdemaali som ligg gamall-norsken næmast. Dertil er i eit par tilfelle formir sette upp, som danskt og svenskt og gamallnorskt hev, ura dei ikkje lyder i nynorskt; de er gjort til bate for ..den orden og tydelighed som er nødvendig i skrift".

1 1873 kom like eins ordboki paa nytt, sterkt auka og umnemnd til: „Norsk ordbok med dansk forklaring". Skrivemaaten er gjenomførd etter -Norsk grammatik". Folkemaalsformine vert upp-førde kvar under sitt landsmaalsord.

„Vi har længe nok ladet os forvilde af saadan snak som at alt hvad her fandtes kun skulde være levninger og rester af et undergaaet sprog", skriv Aasen i fyriorde. „Vi have heldigvis anledning til at kjende det gamle sprog, hvorfra dialekterne er udgangne, og det har da ogsaa mere og mere vist sig, at disse dialekter havde en større enhed og lighed end man før havde formodet. Det gjælder kun om at forene og forbinde dialekterne paa den rette maade; og det lykkes bedst naar man holder sig nær til det gamle sprog, da man derved faar den bedste anvisning til en mønsterform, hvori alle landets dialekter kunne forbindes".

Aasens norske landsmaalsform var med gram-matiken fraa 1864 i stordragi ferdig. Den tanken ho er bygd paa lét seg forme so:

Attum de raadande danske Norig stend eit norskt, som er i fullt samanheng med de gamle Norig. I de gamle norske maal fær ein daa finne grunnlage for de nye, som maa koma til magti, so sant Norig fraa 1814 skal bli meir enn de historiske tilfelle det fraa fyrsto var.

Ivar Aasen stig i landsmaale fram som paa ein gong granskar og skapar, grunnsøkjar og grunn-— i8 -

leggjar, leitar og førar; ein „far for folke" i gamall stil. Dei lærde no hev ikkje rom for slike gran-skar-profetar. Men slike menn er de som nye og nyvakna folk treng, um dei skal vinne nationalt liv og framtid. Ivar Aasen er for de nynorske folk ein Moses, som viser de vegen burt fraa de framande Gosenland og heim.

V.

Aasens landsmaal vann stort samtykke millom norsklynde.

De var dei som gjerne hadde set skrivemaaten lagd nærare upp til den gamallnorske; tanken um eit komande boklegt samarbeid millom alt som enno var att av det gamle Noregsvelde, kunde ikkje lenger kjennast framand.*)

Men den skriftformi som Aasen hadde sett upp, laut fyrst samle nordmennane. Her fekk ein daa leggje arbeide no. Ein annan ting var der og aa tenkje paa: um de nynorske maal i Aasens form kunde leggje lettare veg millom Norig og de nye unionslande.

Arbeidsmod og arbeidshug vaks. I Bergen, der den norske tanken hadde vori uppe lengi, samla i 6o-aari „Vestmannalaget" mange um seg og arbeidde godt. Kaupmann Henrik Krohn var fyrigangsmannen. Blade „Ferdamannen" gjekk i 1865—67, „Fraa by og bygd" i 1870—74. Lage held enno stødt fram; og eit i seinare tid tilkomi spél-lag „Ervingen" gjev vonir um, at Bergen kann bli mor for eit norskt som for de norskdanske teater. 1 Trondhjem arbeidde O. J. Høyem, mest

*) Tanken hadde vori uppe fyrr; samfør eit iorvitnelegt arbeid av ./. H. Prahl: „Ny hungr v ek ja"; Bergen 1858.

med aa faa ut skulebøkar; han fylgde elles ikkje Aasen i skrivemaaten. I Oslo vart i 1868 „Det norske samlag" skipa, til utgjeving av skriftir paa norskt, landsmaal eller bygdemaal; og fremst millom alle arbeidde i den byen Aasmund Vinje, med „Dølen", som alltid „gjekk etter sin eigen primstav", og alltid vart sakna naar han ikkje kom, og med diktverk, som song, spotta, lo, grét, sjeldan ferdige, alltid nye, daarande, hugtakande. Sogo um korleis han sleit sine dagar, og kva løn han fekk av lande sitt, skal eg ikkje fortelja her; ho ligg som ei sorg yvi oss alle. Vinje arbeidde, song og tilgav, til han døydde (1870).

Den norske tanken arbeidde seg i desse aari godt fram. De ordskifte som var ventande um skriftformi etter at Aasen hadde sett landsmaale upp, kom med mykje liv i 60-aari og heldt paa ei god stund frametter.

De galdt aa faa folke med, meinte dei unge. Men folke, som ingin tanke hadde um gamallnorskt, fekk ein freiste aa naa gjenom lett og livande nynorskt. Aasens skrivemaate var fin og god, men tung, og bygde i sume ting vel mykje paa de serleg vestlandske og de gamle. Ein fekk halde seg til de som var aalment godt norskt no, og i skrivemaaten serleg byggje paa folkevisune, men fyrst og fremst so, at folke kunde lære seg sjølv aa lesa, daa nordmennane ikkje som andre folk hadde skulen aa lite paa her.

Ein heil flokk unge (IV. Werenskjold, S. Schjøtt, Olaus Fjørtoft 0. fl.) samla seg um desse tankane og arbeidde for dei, i blad („Svein Urædd", „Andvake", „Fram") og andre skriftir. Magti var ikkje stor; de hev aldri vori gjævt aa vera norsk i det danske Norig. Men meiningane kom fram, og tankane arbeidde seg smaatt um senn ut yvi lande.— 20 —

De største nynorske bokverk me enno hev, kom i denne tid ut paa normalisera telemaal: S. Schjøtts umsetjing av Snorre. Gjenom bladi „Fedraheimen" (1880-aari) og den „Den 17de mai" jamna striden um skrivemaaten seg

etterkvart; de spursmaale som enno stend att: um landsmaale kann lempe seg endaa noko meir etter de midlandsnorske, lét seg ikkje for godt avgjera, fyrr lande i det heile er komi meir med.*)

Folkehøgskulen hjelpte til i arbeide for heime-maale og gjorde mykje til at tanken vart kjend utyvi bygdine. De norskdanske landsstyre møtte nok folkehøgskulen med ein meir gamallsleg „amts-skule" („amt" er tysk og tyder „embætte"); men jamvel den hev ikkje kunna haldi seg reint unorsk. Og folkeskulen, som i 1860 vart bygd so strengt dansk, hev i seinare tidir, ettersom stortinge meir og meir vart møtestaden for norsk folkemeining og folkevilje, like eins löti opne døri for norskdomen. Norskt er no jamstellt med danskt, so at bygdine sjølve kann velja sitt skulemaal.**) No skal daa norskt inn paa lærarskulane med, liksom de hev fenge sin lærestol ved høgskulen. Fleire av skule-bøkane er komne paa norskt; og ikkje faae bygdir

*) Dette stykke her er skrivi paa „midlandsmaal": skilnaden er, etter den maaten som midlandsmaale no er uppsett paa, ikkje stor; de er nokre endingar som skulde falle lettare for fleirtale i Norig no („Framlegg" s. 72 — 115 med tillegg), med' Aasen held seg noko meir til eldre norske formir som enno liver paa vestlande, og som vilde leggje nynorsken næmare inntil baade islandsk, færøymaal og svenskt.

**) Ein skal setja strik under „kann" her. Norske bygdir kann faa norskt skulemaal, naar dei for det fyrste sjølve vii og for de andre veit aa finne seg fram millom dei hefte og hindrin gar som lovi enno set upp for norsk skule i Norig, og som mange norskdanske embættsmenn — elles lovlydige folk — vel veit aa nytte ut mot bygdefolke.

hev alt teki til med norskt skulemaal. Sjølve kyrkja, som elles i Norig er so unational, hev prestar som kann tala og stundom talar paa norskt; og norske salmar (av ein stor salmediktar, dr. E. Blix) er innførde til kyrkjebruk mange stadir.

Arbeide gjekk i det heile stødt fram ; og tankane klaarna gjenom striden. Aasens verk hev haldi seg godt, og vil halde seg i sine store drag, um sjølvsagt formir maa skifte.

Granskar-arbeide hans er paa ærefull maate ført vidare av Hans Ross (tillegg til „Norsk ordbog". Kr.a 1889—95, med seinare framhald).

VI.

Av andre, mindre samlarverk gav Ivar Aasen ut „Norske plantenavne", „Norsk navnebog" og „Norske ordsprog" (1856; ny, umstellt utgaave 1881). Ei umskrift av ..Fridthjofs saga" gav han i 1858 ut i eit noko meir gamallslegt landsmaal enn de han seinare sette upp. Um han her kann hende hev tenkt paa eit nytt, samlande norrønamaal ? —

Men Aasen var ikkje berre den store granskaren, samlaren og formaren. Han var sjølv bok-mann, ein klaar tenkjar og ein tin skald.

Han skreiv norske dikt fyrst paa bygdemaale sitt. Han gjekk i det heile den vegen som vel er for alle best: gjenom sitt bygdemaal inn i landsmaale.

1 1855 kom songspele „Ervingen", som hev vori framført og prenta mange gongir. Her syng Aasen sin norske tanke inn i folke; og gjerne hev denne friske heimslege songen vori høyrd, so at fleire av kvadi no er folkesongar. I 1863 kom fyrste utgaava av diktsamlingi ,,Symrau, der Aasen tolkar sin kjærleik til Norig, norsk natur, norskt

folkeliv so fagert og varmt i stille ord, at knapt nokon av skaldane vaare hev teki norsk ungdom med seg som han i dette stykke. Men han kann og spotte bitande kvasst, naar han møter fals og fusk og slikt som inkje duger. Formi er i Aasens kvæde mynstergod. De hev vori honom um aa gjera aa vise, at de norske maale kunde fylle dei strengaste krav. Soleis hev han og stundom gjevi umsetjingar av mynsterdikt fraa framande bokheimar; og ikkje ofte skal ein i noko maal sjaa dikt-umsetjingar so gjenom fine og formklaare.

Men norskt er ikkje berre eit fint diktmaal. De viser Aasen oss til sist i den vesle boki „Heimsyn'", der han paa eit par hundra smaae sidur gjev eit merkelegt rikt utsyn yvi de som menneskja no veit um skapningen. De vil

ikkje i noko maal vera lett aa faa so mykje kunnskap so klaart framsett paa so faae sidur.

Ivar Aasen livde lenge og fekk sjaa mykje ungdom vekse til og samle seg i alltid nye flokkar um norskdoms-tanken. Endaa denne so sjeldan kunde „løne sine folk".

Sjølv arbeidde han so lengi han kunde. Soleis var han i 1882—89 ein av tilsynsmennane ved deil norske bibel-umsetnaden (utførd av dr. Blix, prest Belsheim og høgskulelærar, no skuledirektør Skard). Og ymse andre arbeid hadde han fyri seg i desse seinare tidir.

Men han vart alltid strengare i kravi til sjølve-seg, og kunde mindre og mindre gjera seg til lags. Og alderdomen kom, og de bar ned-yvi meir og meir; augo vart skrale: magti minka. I dei siste aari kunde denne seige arbeidaren ikkje arbeidemeir, og denne friluftsglade sunnmøringen ikkje lenger vera ute.

Men han bar alt med tollegt mod. Den 23de september 1896 slokna han. Gamall og mett av dagar.

Mykje folk, høge og laage, fylgde granskaren og nybyggjaren til gravi; og de synte seg, at Ivar Aasen aatte mange fleire venir enn han hadde visst um.

Minne hans vil liva med folke. Og folke skynar Aasens norske tanke for kvart aar betre, og vil rolegt men jamt vita aa setja tanken i kraft. De danske Norig vil vekse fram til eit norskt, so sant Norig i de heile fær livsdag.

*